



Meland kommune

Meland kommunestyre

ArkivsakID/ JpID: **16/1334** 17/17971

Dato:
15.09.2017

Onsdag 27.september 2017 kl. 14.00

Stad: Rådhuset i Meland

Kommunestyret i Meland vert med dette kalla inn til Årsmøte i Meland Frivilligsentral.

Sakliste:

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2 Val av møteleiar
- Sak 3 Val av referent.
- Sak 4 Val av to representantar til å underteikne møteboka saman med møteleiar.
- Sak 5 Godkjenning av Årsmelding 2016
- Sak 6 Godkjenning av rekneskap 2016
- Sak 7 Val av 1 medlem og 1 varamedlem til styret i Meland frivilligsentral.
- Sak 8 Orientering. Ansvar for tilskot til frivilligsentralane er overført til kommunane.
- Sak 9 Orientering. Den Kulturelle spaserstokken i Meland og Sommaraktivitetar for barn i Meland.

Karin Strømme
Styreleiar

Nina Randal
Dagleg leiar

Vedlegg:

Årsmelding 2016

Rekneskap 2016

Innstilling frå valnemnda

Informasjon frå kulturdeparteme



ÅRSMELDING

2016

INNHALD:

Eigarskap og styre

Lokale

Finansiering

Handlingsplan

Aktivitet 2016:

- Sommaraktivitetar for barn i Meland
- Besøkstenesta
- Flyktningefadder
- Symjekurs for flyktningar
- Familietilbod til familiar med born med nedsett funksjonsevne
- Språkkafe
- Den kulturelle spaserstokken
- Ganglaje
- Julegåveinnsamling
- Frivilligforum
- Nettverksgruppa for Nordhordland
- Regional samling

Nye tiltak i 2016

- Kulturpå kort
- Møte mellom unge menneske
- Internasjonal kafe
- Matkurs

Andre aktivitetar i Meland Frivilligsentral

Overføring av tilskot til Frivilligsentralane til kommunane

Eigarskap og styre

Meland Frivilligsentral er eigd av Meland kommune.

Meland Frivilligsentral sitt styre 2016:

- * Leiar: Karin Strømme, UL Framsteg
- * Nestleiar: Henriette Fennelly, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- * Knut Martin Bjørnstad, Meland Skytterlag / Øystein Thunold fram til Årsmøtet 2016

- * Øyvind Oddekalv, Ordfører
- * Sølvi Knudsen, Leiar for Utval for levekår
- * Helge Kvam, administrasjonen i Meland kommune

Styret har hatt 5 styremøter og behandla 34 saker i 2016.

Lokale

Sentralen sitt lokale er utforma slik at aktivitetane stort sett føregår i andre lokaler/stader. Møter med frivillige og det offentlege føregår på sentralen, og nokre organisasjonar nyttar også lokala til sine møter.

Finansiering

Søknad om statstilskot for 2016 vart sendt Kulturdepartementet innan fristen 30.06.2015. Søknaden vart innvilga med 310.000,-.

Meland Frivilligsentral fekk inn midlar til ulike tiltak:

Den Kulturelle spaserstokken	36 000,-	Hordaland fylkeskommune
Sommaraktivitetar for barn	80 000,-	Buudir
Kulturpå kort	50 000,-	Buudir
Symjekurs for flyktningar	5 000,-	Ramberg
Bading familiar med barn med nedsett funksjonsevne	3 600,-	Ramberg
Den Internasjonale Eldredagen	10 000,-	Trivselskomiteen
Besøkstenesta	10 000,-	Trivselskomiteen
Dugnad Sansehagen sjukeheimen	10 000,-	Trivselskomiteen
Totalt:	204 600,-	

Det som står igjen av tilskota er overført til 2017.

Handlingsplan

Frivilligsentralen utarbeidde Handlingsplan for Meland Frivilligsentral i 2016:

- Hovudmål 1** Frivilligsentralen skal vera ein ressurs for frivillige, lag og organisasjonar i Meland kommune.
- Hovudmål 2** Frivilligsentralen skal koordinere samarbeidsarenaer og drive fram møteplassar.
- Hovudmål 3** Frivilligsentralen skal vera eit sektorovergripande nærmiljøsentert med kompetanse på frivilligheit.

Aktivitetar 2016:

Sommaraktivitetar for barn



Sommaraktivitetar for barn er eit tilbod for barn i barneskulen i Meland – totalt 842 elevar får tilbod om å melda seg på. Det er plass til 30 – 40 barn kvar dag, avhengig av aktivitet. Ved hjelp av ei knutepunktsggruppe sørger vi for at barn som opplever utfordringar i høve fattigdom, foreldre som slit med rus og psykiske lidingar og innvandrar får sikra plass på ferie aktivitet der dei deltek på lik linje med andre barn. Tilbodet har sosial inkludering som overordna mål.

Lag og organisasjonar i Meland står for aktivitetane. Meland Frivilligsentral organiserar og koordinerar tilbodet.

Dette er ein god arena for å synleggjera aktivitetar og å inspirere barn som fell utafør av ulike årsaker til å delta på viktige sosiale arenaer.

Meland Frivilligsentral fekk 80 000,- frå Bufdir til Sommaraktivitetane. Det vart lyst ut og tilsett 2 personar i sommarjobb i 3 veker til saman for hjelpe til med gjennomføringa av aktivitetane.

Arrangementet var gratis og inkluderte lunsj kvar dag.

Programmet for 2016:

Prøv golf med Meland Golfklubb

Lær å padle med Nordhordland padleklubb

Vær kreativ med Nordhordland husflidlag

Allidrettsdag på Meland aktiv - Kvernbit

Sommarleikane på Fossemyra - Kvernbit

Ta roknappen med Holsnøy Kystlag

Aktivitetane føregjekk rundt om kring i heile kommunen. Det vart sett opp gratis buss nokon av dagane for dei som ikkje hadde skyss.

5 frivillige var med alle dagane i tillegg til frivillige som var med frå organisasjonane. Tilbodet var svært populært og hadde ventelister til alle aktivitetane.

Besøkstenesta

Besøkstenesta er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, Nordhordland Røde Kors og Meland kyrkje. Tenesta er bygd opp slik at ei ressursgruppa har ansvar for å fordele oppdrag til besøksvenene og å følgje opp besøksvenene ved behov . Gruppa arrangerer sosiale samkomer med besøksvenene ca. 4 gonger i året.

Ei gruppe på 6 besøksvener har faste onsdagsbesøk på sjukeheimen.

Røde Kors tilbyr alle nye besøksvener ulike kurs knytta til

Besøkstenesta. I 2016 har to av besøksvenene i Meland gjennomført kurs for besøksven med hund og blitt godkjend.

Besøkstenesta har ca. 20 aktive besøksvener. Besøkstenesta jobbar kontinuerleg med å rekruttere nye besøksvener gjennom annonsering, stands og arrangement.



Flyktingefadder

Flyktingefadder ordninga er eit eige lokalt opplegg i Meland der vi legg vekt på at ordninga skal vera ei kortvarig teneste for dei som melder seg frivillig. Det er ei teneste der fadderer hjelper flyktingar som blir busette i Meland kommune med å komma best mogleg på plass, gjera dei kjent i lokalmiljøet og med å vera ein kontakt inn i lokalsamfunnet. Det er ein fin måte å ønskja flyktingane som blir busett i Meland velkommen på.

Nokon av flyktningane som fekk flyktningefadder då dei blei busette i Meland, er no sjølv blitt flyktningefadder. Dette fungerer veldig bra fordi flyktningane får ein flyktningefadder som snakkar deire eige språk.

Symjekurs for flyktningar

Symjekurset er eit samarbeid med rådgjevar for skule og NAV.

Mange av flyktningane som kjem til Norge kan ikkje symje. Denne ferdigheten er det viktig å meistre i ein kystkommune for å forhindre drukningsulukker.

Ved hjelp av midlar vi fekk frå Fylkesmannen i Hordaland – vart det arrangert symjekurs for gutar / menn i bassenget på Nordhordland folkehøgskule. Kurset gjekk annakvar laurdag frå 11.45 til 14.00 fem gonger hausten 2016. Åstveit svømmeklubb stilte med instruktørar. Frivillige låste opp, ordna med frukt og drikke og låste igjen etter kvart kurs.

Familietilbod til familiar med born med nedsett funksjonsevne

Familiar i Meland med barn med nedsatt funksjonsevne låner bassenget på Nordhordland folkehøgskule annakvar laurdag frå klokka 11 – 13 våren 2016. Det er kjøpt inn leiker og ein kasse til oppbevaring av leikene til aktiviteten.

Språkkafe



Språkkafe er eit samarbeid med Meland bibliotek. Annakvar laurdag er det Språkkafe på biblioteket på Frekhaug frå klokka 11 – 12.30.

6 frivillige driv aktiviteten. Dei har ulike tema og bruker også spørjekort, illustrasjonar og konkrete gjenstandar når dei øver norsk med deltakarane.

Den Kulturelle Spaserstokken

Spaserstokken i Meland fekk 40.000,- frå Hordaland Fylkeskommune i 2016.

Arbeidsgruppa for Den Kulturelle Spaserstokken (DKS) i Meland består av: Klara Hansen frå Helselaget, Sigurd Knudsen og Klara Mongstad frå Eldrerådet og Nina Randal – Meland Frivilligsentral.

Gruppa hadde jevnlege møter der planlegging av program, gjennomføring av kulturtiltak og søknad om midlar står på dagsorden. Målet er å kunne tilby fleire kultur arrangement på institusjonane i tillegg til Kulturkveldar for seniorar.

Gjennomført program i 2016:

Program	Sjukeheimen	UL Framsteg
«Ferda-Vinje»	X	
«Ein gammaldags skuletime» med Rune Alver og Eilert B. Løtvedt.	X	X
Film av Øyvind Sandberg	X	X
Julekonsert med vokalgruppa «Taus» Konsert på Eldresenteret og sjukeheimen	X	X



arrangementet i løpet av dagen.

1.oktober vart Den Internasjonale Eldredagen markert på Meland Rådhus med ope hus frå klokka 13 til 16. Arrangementet vart kalla inspirasjons og aktivitetsdag med fleire ulike aktivitetar på huset: Foredrag med Jan Spurkeland, fotografering med mobiltelefon, korleis ta vare på gamle foto, lær å lage linsepostei og hummus, førebyggjande trening, Ordførarens time m.m. Ca 100 mennesker var innom

Ganglaje



frivilligsentralen og kommunen sine nettsider.

Våren 2015 starta Ganglaje opp med turar. På turane er det alltid med ein «kjentmann/kvinne» som guidar og fortel om området turen er lagt til. Turane er kvar onsdag på dagtid og blir gradert med stjerner etter kor utfordrande turen er. Mellom 30 – 50 personar har vore med kvar gong.

Frivilligsentralen kallar inn til møte der ei gruppe legg programmet i forkant av sesongen som er haust og vår. Frivilligsentralen lagar eit program som blir delt ut til deltakarane og blir lagt ut på

Julegåveinnsamling

Etter initiativ frå frivillige blei det sett igong julegåve innsamling på Frekhaug i desember 2015. Gåvene var meint for born i familiar som sleit med økonomien. Det kom inn mange julegåver, og fleire familiar tok kontakt som mottakarar av julegåvene.

Tiltaket vart så godt motteke at det vart vidareført i 2016. Besøkstenesta tok på seg ansvar for å dele ut gåvene i samarbeid med lokale bedrifter. Det blei også samla inn pengar og kjøpt inn julemat til fleire familiar.

Frivilligforum



Det har vore arrangert to frivilligforum. Eitt i februar og eitt i november. Alle lag og organisasjonar i Meland blir invitert til frivilligforum.

Til kvart frivilligforum blir ein eller fleire organisasjonar invitert til å fortelja om sine aktivitetar. I 2016 fekk vi orientering frå desse laga:

Meland Styrkeløfteklubb, Frekhaugmarka Vel og Meland Musikklag. I tillegg orienterte alle organisasjonane som var med på Sommaraktivitetane for barn om si erfaring.

Nettverksgruppa for Nordhordland

Nettverksgruppa for Nordhordland er ein møteplass for Frivilligsentralane i Nordhordland.

25.oktober inviterte dei fem frivilligsentralane i Nordhordland styra frå sentralane til eit felles inspirasjonsmøte på Alver Hotell. Christian Hellevang frå KS var med på møtet.

I april arrangerte nettverksgruppa Hordaland samling for alle frivilligsentralane i Hordaland. Samlinga vart halde på Westland Hotell på Lindås. Tema for samlinga var «Frivilligsentralen i framtida».

Region samling

Frivilligsentralane er delt inn i 4 regionar. Meland Frivilligsentral høyrer til region 3 som er alle frivilligsentralane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Samlinga er ei årleg samling for styreleiarar og daglege leiarar. Kulturdepartementet dekkjer utgiftene til konferansen og opphald for dagleg leiar og styreleiar. Regionssamlinga i 2016 var lagt til Molde. I 2017 utgår regionskonferansane då tilskotet til frivilligsentralane vert overført til kommunane.

Nye tiltak i 2016:

Kultur på kort

Er du einseleg forsørgjar eller har familien lav inntekt....
då er dette eit tilbod til dykk i ferien:

KULTUR PÅ KORT

Inngangsbilletter til ulike sosiale arenaer i juleferien for helle familien, for ungdommen i familien og ein ven, for barnebarn og besteforeldre:

- * Kino
- * AdO arena
- * Vannkanten
- * Akvariet
- * Vilvite
- * Baluba
- * Museum

Slik søk du fram for å få billetter:
Send ein mail eller ring Frivilligsentralen og forklar heilt kort om de er i målgruppa for å få billetter - kva de ønskjer billetter til - når - så skal vi ordne med billetter. Foreldre eller foresette kan søkje.
e-post: frivilligsentralen@meland.kommune.no
Telefon: 56 17 10 66

Frist for billetter til juleferien: 15.desember



Kultur på kort rettar seg mot alle barn med familie som er i målgruppa til Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom. Barn som ikkje får dei sosiale og kulturelle opplevingane i ferien fordi familien slit økonomisk.

Det er eit lavterskel tilbod der familiar som er i målgruppa kan ringe eller sende ein mail der ein kort forklarar kvifor ein er i målgruppa. Felles kulturopplevingar bidreg til samhald og motvirkar utanforskap på sosiale arenaer. Ei felles kulturoppleving vil og vera samlande for familiar som har utfordringar. Der vil dei dele gode opplevingar og skape felles minner. Det er også mogleg å søke om ekstrabillett slik at barna kan ta med seg ein ven på aktiviteten. Slik bidreg tiltaket til å motarbeide utanforskap og til felles opplevingar med vener.

I 2016 delte vi ut billetter i sommarferien, haustferien og juleferien. Tilsaman delte vi ut 138 barnebilletter og 83 vaksenebilletter til ulike aktivitetar.

Møte mellom unge menneske



Andre veka i august med flyktningetenesta, blei halde på Sansetunet der var med og hjelpte til. Målet innføring i ernæring, norske

Er eit samarbeid med valfaget Re'act på Nordhordland folkehøgskule. Elevar på folkehøgskulen inviterer unge flyktningar til treff mandagar frå klokka 17. Dei har ulike aktivitetar saman som spel, matlaging, film, tur, aking (når det er vinter) osv. Tiltaket er vellukka og mange nye venskap har blitt til.

Matkurs



arrangerte frivilligsentralen i samarbeid matkurs for flyktninge menn. Kurset Jan Atle Tvedt var kurshaldar. Frivillige med kurset var å gje flyktningane ei råvarer og matlaging.

Internasjonal kafe

Etter initiativ frå flyktningar er det sett i gong planlegging av Internasjonal kafe i Nordgardsløa. Kafe'en skal vera ein gong i månaden.

Andre aktivitetar i Meland frivilligsentral

Meland frivilligsentral har vekentlig møter om tiltak for flyktningar med flyktningetenesta.

Oppdatere Facebook og nettsidene til Frivilligsentralen – legge inn arrangement.

Kurs / konferansar.

Besøker lag og organisasjonar.

Følgjer opp saker frå Frivilligforum

Møter med den Kulturelle spaserstokken, ressursgruppa for besøkstenesta, ressursgruppa for flyktningefaddere.

Registrere frivillige – formidle frivillige til organisasjonar og andre frivillige aktivitetar.

Bistår frivillige / lag med å søkje midlar til prosjekt.

Meland Frivilligsentral har hatt eit godt og aktivt år i 2016 i lag med engasjerte og positive frivillige med gode samarbeidspartnarar innanfor organisasjonar, det offentlege og det private.

Overføring av tilskot til Frivilligsentralane til kommunane

De siste 25 åra er det departementet som har overført statstilskotet direkte til den enkelte sentral, basert på søknad og rapportering. Frå og med 2017 overføres midlane via kommunen. Midlane fordeles særskilt innfor rammetilskotet (tabell C) i ein overgangsperiode på fire år. Regjeringa føreslår at tilskotet skal trappast opp i fireårsperioden.

I 2017 utgjer dette 357 000,- inkludert ei auke på 47 000, per sentral.

Frekhaug 26.05.2017

Karin Strømmen

Nina Randal

Styreleiar

dagleg leiar



1 MELAND KOMMUNE (2017) - År/Periode 2016 1 - 12

26.05.2017

	Buds(end) 2016	Regnskap Avvii 2016	0
Ansvar: 505 Frivilligsentralen			
Tjeneste: 2340 AKTIVISERING S- OG SERVICETENESTER ELDR			
10100 FAST LØN KOMMUNAL	485.300,00	493.052,28	-2
10202 VIKARER VED FERIE	0,00	18.222,12	-100
10300 EKSTRAHJELP	0,00	8.048,88	-100
10500 ANNA LØN, HONORAR	0,00	5.000,00	-100
10900 ARB.GJ.ANDEL PENSJON KLP	70.000,00	75.752,20	-8
10911 GRUPPELIV	0,00	684,00	-100
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	78.300,00	83.448,17	-6
11000 KONTORMATERIELL	0,00	500,00	-100
11001 AVSER OG FAGLITTERATUR	2.000,00	1.268,00	58
11050 UNDERVISNINGSMATERIELL	0,00	501,50	-100
11151 BEVERTNING VED MØTER	2.000,00	9.300,94	-79
11152 MATVARE	0,00	15.613,65	-100
11200 ANDRE FORBRUKSVARER	3.000,00	18.406,27	-84
11202 PLANTER	0,00	1.830,24	-100
11230 VELFERDSTILTAK	45.000,00	8.549,28	426
11400 ANNONSER	6.000,00	0,00	0
11401 INFORMASJON	4.000,00	0,00	0
11410 GÅVER VED REPRESENTASJON	0,00	158,00	-100
11500 KURS- OG OPPHALDSUTGIFTER	12.000,00	6.783,82	77
11510 PROSJEKTARBEID, KURS/OPPLÆRING	0,00	18.170,40	-100
11600 REISEUTGIFTER OPPGÅVEPUKTIG	5.000,00	6.486,56	-23
11604 REISEUTGIFTER SKATTEPLIKTIG	0,00	99,66	-100
11700 REISEUTGIFTER IKKJE OPPG.PL.	3.000,00	3.355,00	-11
11701 SKYSSUTGIFTER	0,00	5.286,69	-100
11702 EKSKURSJONAR	0,00	28.937,27	-100
11900 HUSLEIGE	0,00	100.000,00	-100
11901 HUSLEIGE PRIVATE	0,00	1.300,00	-100
11951 KONTINGENT/MEDLEM SAVGIFTER	0,00	400,00	-100
11952 LISENER DATAPROGRAM	0,00	-396,00	-100
11954 GEBYR	0,00	50,00	-100
12000 KONTORINVENTAR OG UTSTYR	5.000,00	0,00	0
12010 IT-PROGRAMVARE OG AV-MEDIA	7.000,00	1.440,00	386
12230 LEIGE/LEASING AV KOPIMASKINER	0,00	1.178,30	-100
12913 INTERNE OVERFØRINGAR HUSLEIGE	100.000,00	0,00	0
13700 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE (PRIVATE)	0,00	32.550,00	-100
14290 MVA BETALT DRIFT	0,00	6.936,17	-100
15550 AVSETJING TIL BUNDNE FOND	0,00	126.304,26	-100
16010 EIGENBETALING	0,00	-1.200,00	-100
16200 ANDRE SALSINTEKTER	0,00	-1.361,00	-100
16905 FLYKNINGSMIDLAR	0,00	-56.000,00	-100
17000 REFUSJON FRÅ STATEN	-300.000,00	-492.200,00	-39
17100 REFUSJON SJUKEPENGAR	0,00	-28.044,00	-100
17290 REFUNDERT MVA DRIFT	0,00	-6.936,17	-100
17700 OVERFØRING FRÅ ANDRE	-25.000,00	-30.000,00	-17
17900 ANDRE INTERNE OVERFØRINGAR	-41.000,00	0,00	0
19550 BRUK AV BUNDNE FOND	0,00	-12.056,83	-100
Sumtjeneste: 2340 AKTIVISERINGS- OG SERVICETENESTER E	461.600,00	451.419,66	2
Sumansvar: 505 Frivilligsentralen	461.600,00	451.419,66	2
TOTALT	461.600,00	451.419,66	2

Valnemnda er sett saman av 5 representantar frå følgjande organisasjonar:

- 1 representant frå Strilongane
- 1 representant frå Norges Handikapforbund Meland
- 1 representant frå Pinsemenigheten Betel
- 1 representant frå IL Kvernbit
- 1 representant frå Fløksand Grendalag

Valnemnda si innstilling:

«Valnemnda ble enig om følgende innstilling på møte 11. september 2017:

1. UL Varden
2. Meland Musikklag
3. UL Solglytt»



Til alle landets kommuner

Deres ref

Vår ref

Dato

16/6563-

18.11.2016

Informasjon om tilskudd til frivilligsentraler

Stortinget har sluttet seg til at ansvaret for tilskudd til frivilligsentraler overføres til kommunene, jf. Innst. 333 S. (2014–2015). Som følge av dette er bevilgningen til frivilligsentraler for 2017 foreslått overført fra Kulturdepartementets budsjett til kap. 571 Rammetilskudd til kommuner, post 60 Innbyggertilskudd. Bevilgningen inkluderer midler til kompetansebygging og videreutvikling av sentralene.

I tillegg har Regjeringen foreslått at bevilgningen økes med 20 mill. kroner. Dette tilsvarer en økning på 47 000 kroner per sentral og er den største økningen av tilskuddet noensinne. Dette beløpet inkluderer midler til kompetansebygging og videreutvikling av sentralene. Til sammen 151 mill. kroner til frivilligsentraler fordeles særskilt innenfor rammetilskuddet (tabell C) i en overgangsperiode på fire år. Tilskuddet trappes opp i fireårsperioden.

Ansvaret for forvaltningen av tilskuddsordningen har ligget i Kulturdepartementet, og Kulturdepartementet har fastsatt retningslinjer for ordningen. Størrelsen på det statlige tilskuddet til den enkelte sentral har vært fastsatt av Kulturdepartementet innenfor den rammen Stortinget har bevilget det enkelte år. For å kunne motta maksimalt driftstilskudd har det vært en forutsetning at frivilligsentralen har hatt en daglig leder i 100 prosent stilling og at sentralen har hatt 40 prosent lokal finansiering. Avvikling av det statlige tilskuddet til den enkelte sentral, medfører at retningslinjene ikke videreføres.

Fra 2017 blir det opp til hver enkelt kommune som mottar særskilt fordelte midler til drift av frivilligsentraler via den såkalte tabell-C, å legge til rette for god bruk av midlene. Formålet med bevilgningen er å støtte opp under etablering og drift av frivilligsentraler. Frivilligsentralene skal være lokalt forankret og drives ut fra lokale forutsetninger og behov.

Aktivitetene skal bygge på frivillig innsats, bidra til å skape sosiale møteplasser og legge til rette for lokal frivillig virksomhet.

Med et kommunalt helhetlig ansvar vil det ligge til rette for en videreutvikling av frivilligsentralene i tråd med lokale prioriteringer. Innlemmingen av tilskuddet i rammetilskuddet reduserer kommunenes administrative arbeid med søknader og rapportering om bruk av tilskuddet. Kommunene overtar også tilskuddsansvaret for de sentralene som ikke er kommunalt drevet. Kulturdepartementet legger til grunn at kommunene fortsatt vil være opptatt av å ha gode sentraler med høyt aktivitetsnivå og at kommunene vil videreføre sitt engasjement knyttet til frivilligsentraler. Som omtalt ovenfor har frivilligsentralene til og med 2016 hatt krav om minimum 40 % lokal finansiering i tillegg til det statlige tilskuddet.

Fordelingen av midler til kommunene i 2017 tar utgangspunkt i fordelingen i 2016 . Vi ber den enkelte kommune rapportere antall frivilligsentraler i kommunen, der det fremgår om kommunen har opprettet eller nedlagt frivilligsentraler i overgangsperioden, slik at det kan tas høyde for dette i fordelingen av midler i påfølgende år.

Rapporteringsfrist: 1. juni 2017

Som hovedregel vil Kulturdepartementet justere den særskilte fordelingen til kommunene innenfor rammetilskuddet (tabell C) i tråd med kommunenes rapportering om etablering eller nedleggelse av frivilligsentraler. Departementet vil ikke ta hensyn til endring i stillingsprosent eller aktivitetsnivå for allerede etablerte sentraler.

Med hilsen

Lars Audun Granly (e.f.) ekspedisjonssjef

Heidi Karlsen avdelingsdirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.